



27 JUL 2018

Adresseliste

Arkivsakid-doknr:	18/400-3	Saksh:	Gunnar Elnan	Arkivkode	Dykkar ref.	Dato:
Journalpostid:	18/3815	Telefon:	53 67 3652	K1 - 143, K3 - &18		24.07.2018

Dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for endra plassering av målestasjon

Eidfjord formannskap - 18/092:


Det er fatta følgjande vedtak i saka:

Eidfjord kommune har ingen merknader til ny plassering av målepunkt 50.13 Bjoreio. Med heimel i plan og bygningslova, kap. 19, vert det gitt dispensasjon frå planføremålet.

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen då brevet kom fram til adressaten. Det held at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Klagen skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket, gjer greie for vedtaket det vert klaga over, den eller dei endringar som er ynskjelege, og dei grunnar du vil gje for klagen. Dersom du klagar så seint at det kan vera uklårt for oss om du har klaga i rett tid, ber vi om at du gjev opplysning om kva tid du fekk meldinga.

Med venleg helsing
Eidfjord kommune


Gunnar Elnan
leiår areal- og miljø

Adresseliste:
Statkraft Energi AS, pb 200 Lilleaker, 0216 Oslo
Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommune

Kopi til arkiv og kopibok



Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 Eidfjord

Org.nr:
Bankgiro:
Innbetaling skatt:

944 227 121
3450.19.60006
7855.05.12326

Telefon: 53 67 35 00

Epost: postmottak@eidfjord.kommune.no

www.eidfjord.no



EIDFJORD KOMMUNE

Arkiv: K1 - 143, K3 - &18
Arkivsak ID: 18/400 - 2
Journalpost ID: 2018002978
Saksh.: Elnan, Gunnar
Dato: 14.06.2018

Styre, utval, komite m.m	Møtedato	Saknr
Eidfjord formannskap	18.06.2018	18/092

Dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for endra plassering av målestasjon

Dokument i saka:

Dok.dato	Tittel
12.06.2018	Søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for endra plassering av målestasjon

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eidfjord kommune har ingen merknader til ny plassering av målepunkt 50.13 Bjoreio. Med heimel i plan og bygningslova, kap. 19, vert det gitt dispensasjon frå planføreåret.

18.06.2018 - Eidfjord formannskap

Røysting:
Samrøystes vedteke.

FSK - 18/092 - Vedtak:

Eidfjord kommune har ingen merknader til ny plassering av målepunkt 50.13 Bjoreio. Med heimel i plan og bygningslova, kap. 19, vert det gitt dispensasjon frå planføreåret.

Vedlagt:

Desse har uttalt seg i saka:

Ingen

Særutskrift skal sendast til: Statkraft

Endeleg avgjerd i: formannskapet

Saka gjeld:

Statkraft søker om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for endra plassering av

målestasjon i Bjoreio. I gjeldande kommuneplan er det sett av areal til «Anna byggjeområde, framtidig» i område av Bjoreio der inntaket til Storlia kraftstasjon skal plasserast. NVE krev at Statkraft etablerer ny målestasjon oppstrøms inntaket til Storlia kraftstasjon.

Overvaking av avrenning frå vassdragsfelt er viktig grunnlag for kraftproduksjon og overvaking av avrenning frå vassdrag. Det er ein naturleg konsekvens av etablering av Storlia kraftstasjon at målepunkt må flyttast da eksisterande vert liggjande nedstrøms inntaket.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen kjende for kommunen.

Juridiske konsekvensar:

Ingen kjende for kommunen.

Miljømessige konsekvensar:

Ingen kjende for kommunen.

Personalmessige konsekvensar:

Ingen kjende for kommunen.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen kjende for kommunen.

Geir Underhaug
rådmann

Elnan, Gunnar
sakshandsamar

Rett utskrift: